



Arkivnr: 2014/21247-2
Saksbehandlar: Brit Mari Heggøy

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--------------|--------|------------|
| Valnemnda | | 14.10.2014 |
| Fylkestinget | | 14.10.2014 |

Sparebanken Vest - val av medlemmer til representantskapet

Samandrag

Hordaland fylkeskommune har vald tre medlemmer og ein varamedlem til representantskapet i Sparebanken Vest. Valperioden går ut i mars 2015 og banken har bede om at fylkeskommunen oppnemner medlemmer og varamedlem for perioden 2015 – 2019. I inneverande (og føregåande) periode er Eli Årdal Berland, Terje Søviknes og Mette Holmefjord Olsen medlemmer, med Brigte O. Gåsdal som varamedlem. Det er opplyst frå banken at alle fire kan veljast på nytt.

Forslag til innstilling

Til representantskapet i Sparebanken Vest oppnemner Hordaland fylkeskommune følgjande for 4 år, 2015 – 2019:

Medlemmer:

.....
.....
.....

Varamedlem:

.....

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Vedtekter for Sparebanken Vest

Fylkesrådmannen, 25.09.2014

I brev frå Sparebanken Vest 23.09.2014 vert fylkeskommunen beden om å velja medlemmer og varamedlem til representantskapet i banken for perioden 2015 – 2019. Ny valperiode tar til når rekneskapsmøtet i mars er avvikla.

Representantskapet i Sparebanken Vest har 48 medlemmer med 24 varamedlemer. 8 medlemmer med 4 varamedlemer vert valde for 4 år av Bergen kommune, Hordaland fylkesting, Sogn og Fjordane fylkesting og Rogaland fylkesting.

Etter § 3-1 i vedtektene for Sparebanken Vest skal Hordaland fylkesting velja 3 medlemmer og 1 varamedlem. Om kven som kan veljast skriv banken:

”Medlemmene må ikke ha sitt bosted eller virke i Bergen kommune. Valgte medlemmer skal for øvrig være geografisk fordelt innen fylket, jf Vedtektenes § 3-3.

I forbindelse med oppnevning av nye medlemmer/varamedlemmer ber vi dere være oppmerksom på sparebanklovens § 19, hvor det heter "Tillits- eller tjenestemann eller revisor i en sparebank kan ikke uten samtykke av forstanderskapet være tillits- eller tjenestemann i annen kredittinstitusjon". Det gjelder unntak for kredittinstitusjoner som etter sine vedtekter helt eller delvis er opprettet av sparebanker.”

Følgjande medlemmer i representantskapet i Sparebanken Vest er valde av Hordaland fylkeskommune:

Medlemmer:

Eli Årdal Berland (H)
Terje Søviknes (Frp)
Mette Holmefjord Olsen (SV)

Varamedlem:

Brigt O. Gåsdal (A)

Sparebanken Vest opplyser at alle fire kan veljast på nytt.